

Saksprotokoll i fylkesutvalet – 23.02.2017

Roald Stenseide (FrP) sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

1. «Fylkestinget tar til etterretning at søknad om statlig finansiering til produksjonsskole på Hjeltnes ikke har ført fram.
2. Fylkestinget ønsker ikke å jobbe vidare med å få etablert produksjonsskole på Hjeltnes. Skolens bygninger og eiendommer legges ut for salg.
3. Det tas kontakt med Ulvik Herad om de har interesse av kjøp av eiendommene.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Innleiing til punkt 1:

Hordaland fylkeskommune stør opp om arbeidet med å etablere produksjonsskule på Hjeltnes.... (ellers som før)

Tillegg til punkt 1:

Prosjektgruppa som er oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande prosjektskisse og vedtakspunkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. Det vert oppretta ei 100 % prosjektstilling som skal arbeide med dette i samarbeid med Ulvik herad. Stillinga skal plasserast på Hjeltnes.

Til erstatning for punkt 6:

Dersom det ikkje er på plass statleg driftstilskot til produksjonsskule innan utgangen av 2017, vil fylkesrådmannen be fylkestinget i mars 2018 ta stilling til om ein skal starte produksjonsskule 100 % finansiert av fylkeskommunen.»

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV, A, Sp og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 3:

I perioden frå 01.08.2017 til 31.07.2018 skal Hjeltnes ha ei mellombels drift som skissert i saksutgreiinga. I denne perioden skal ein vurdere ei mest mogleg tenleg framtidig forvaltning av eigedomen mellom anna med tanke på å legge grunnlag for anna næringsverksemd. I dette ligg det at hovudaktiviteten skal konsentrerast om gardstunet, og ein skal vurdere sal/avhending og regulering av eigedomane og oppseiing av langsiktige avtalar. Dette skal gjerast i dialog med mellom andre Ulvik herad.»

Røysting

Stenseide sitt forslag fekk 5 røyster (H, Frp) og fall.

Tomren sitt forslag, innleiing til punkt 1 fekk 9 røyster (MDG, SV, KrF, Sp, A) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Tomren sitt forslag, tillegg til punkt 1 fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Innstillinga punkt 1 fekk 9 røyster (V, SV, KrF, Sp, A) og vart vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 5 røyster (H, Frp).

Innstillinga punkt 3 fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Oen sitt forslag punkt 3 fekk 9 røyster (SV, V, KrF, Sp, A) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling punkt 4 og 5 fekk 10 røyster (V, MDG, SV, KrF, Sp, A) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Tomren sitt forslag punkt 6 fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Innstilling til fylkestinget

1. Hordaland fylkeskommune stør opp om arbeidet med å etablere produksjonsskule på Hjeltnes.

I 2017 skal arbeidet med å etablere ein produksjonsskule med statleg finansieringstilskot prioriterast. Prosjektgruppa som er oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande prosjektskisse og vedtakspunkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. Statleg finansiering må vere avklart innan utgangen av 2017. Prosjektgruppa skal mellom anna vurdere skulen si organisatoriske plassering og kva investeringar som er naudsynt. Utlysning av stilling som dagleg leiar av produksjonsskule kan tidlegast gjerast i 2018. Tidlegast start av produksjonsskule vil vere hausten 2018. Fylkestinget skal i mars 2018 ta stilling til ramma for ei eventuell etablering av produksjonsskule.

2. I budsjetthandsaminga for 2018 skal det takast omsyn til drift og investering knytt til produksjonsskule og investeringstrong til nytt fagskuletilbod. Alternativt kan dette handsamast som ei tilleggslyyving i fylkestinget i mars 2018.
3. I perioden frå 01.08.2017 til 31.07.2018 skal Hjeltnes ha ei mellombels drift som skissert i saksutgreiinga. I denne perioden skal ein vurdere ei mest mogleg tenleg framtidig forvaltning av eigedomen mellom anna med tanke på å legge grunnlag for anna næringsverksemd. I dette ligg det at hovudaktiviteten skal konsentrerast om gardstunet, og ein skal vurdere sal/avhending og regulering av eigedomane og oppseiing av langsiktige avtalar. Dette skal gjerast i dialog med mellom andre Ulvik herad.
4. Bustadhusa «Austtun» og «Vesttun», som ikkje er i direkte tilknytning til gardstunet, skal seljast så raskt som mogleg. Holmen nord for fylkesvegen skal vurderast med tanke på regulering og sal/avhending i dialog med Ulvik herad. Holmen sør for fylkesvegen vert planlagt brukt til produksjonsskule. Sal med langsiktig leigeavtale kan og eventuelt vurderast.
5. Areal som har langtidsleige skal vurderast med tanke på oppseiing, men areal som ligg i nærleik til gardstunet og vil vere tenleg å behalde med tanke på produksjonsskule, skal vidareførast. Alle eksisterande avtalar skal vurderast i høve til oppseiing eller vidareføring.